



Tippetue Arkitekter AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1590 - 15/17622

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

24.09.2015

Korrigert vedtak om endring av gitt løyve m.o.t. ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på gbnr. 23/509 i Meland kommune (blokk 1)

Administrativt vedtak. Saknr: 349/2015

Saksutgreiing

Gjennom administrativt vedtak av d.d. i sak 345/2015 godkjente Meland kommune føretaket VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) for ansvarsrett som uavhengig kontrollerte (KONT) av prosjektering (PRO) og utføring (UTF) av sprinklaranlegg i lågblokk 1 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-7.

Administrasjonen har i tillegg mottatt søknad frå Evensen Rør AS (org. 984 544 936) om godkjenning for ansvarsrett som utførande (UTF) av sprinklaranlegg. Administrasjonen finn dertil at sistnemnde søknad kan handsamast gjennom ei korrigering av vedtaket i sak 345/2015 av d.d., i staden for at det vert treft eit nytt og sjølvstendig vedtak. På denne bakgrunn vert det heller ikkje rekna gebyr for handsaminga av føreliggjande søknad frå Evensen Rør AS.

Vurdering

Evensen Rør AS er sentralgodkjent som ansvarleg føretak for utføring av sanitær-, varme, og sløkkjeinstallasjonar i tiltaksklasse 3. Det følgjer dertil av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9 at kommunen skal tildele ansvarsrett utan nærmare vurdering når sentralgodkjenninga dekkjer ansvarsområdet det vert søkt om ansvarsrett for.

Nye ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt.

Vedtak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Meland kommune sitt administrative vedtak av 24.9.2015 i sak 345/2015 vert med dette erstatta med følgjande avgjerd:

«I rammeløyve av 26.9.2013 i DNT-sak 169/13 (arkivsakID 14/1590) og etterfølgjande igangsettingsløyve (IG) i same sak vert det gjort følgjande endring med omsyn til godkjenning av føretak for ansvarsrettar:

I samsvar med søknad dagsett 26.6.2015 godkjenner Meland kommune føretaket VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) for ansvarsrett som uavhengig kontrollerande (KONT) av prosjektering (PRO) og utføring (UTF) av sprinklaranlegg i lågblokk 1 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-7.

I samsvar med søknad dagsett 29.6.2015 godkjenner Meland kommune vidare føretaket Evensen Rør AS (org.nr. 984 544 936) for ansvarsrett som utførande (UTF) av sanitær-, varme, og sløkkje-installasjonar i tiltaksklasse 3 (sprinklaranlegg) i lågblokk 1 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-6.

For tiltaket gjeld elles dei krav og vilkår som følgjer av nemnde rammeløyve og IG.

Om grunngivinga for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med venleg helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tippetue Arkitekter AS